

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyring - evaluering av kvoteordninga.

Kort orientering om kvoteordninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) har delteke i kvoteordninga sidan 2008.

Forskingssamarbeid mellom enkeltpersonar ved HiSF og institusjonar i Zambia initierte deltakinga. Det har vore ein medviten strategi å fokusera vårt engasjement på eitt land innan ordninga for å sikre kvaliteten på samarbeidet, kontinuasjon og målretta, konsentrert utviklingsarbeid. Zambia var høveleg grunna forskingssamarbeid med ulike institusjonar frå helse-, utdannings- og sosialsektoren og kompetanse hjå våre fagtilsette på området. HiSF har samarbeidsavtalar med University of Zambia (UNZA), Livingstone School of Nursing, SOS Children's Villages og Department of Social Welfare.

HiSF har utvikla eit eittårig sandwich-program på bachelornivå for kvotestudentar frå samarbeidsinstitusjonar i Zambia. Programmet har vore undervist kvart år sidan 2008. Studentane føl profesjonsretta studium fyrste semester og eit felles studium andre semester med hovudfokus på Noreg-Zambia inkludert profesjonsretta praksis og valfritt fordjupingstema. Utveljing og opptak av kvalifiserte studentar skjer i tett samarbeid med partnerinstitusjonar i Zambia. Kvotestudentane som vert rekruttert er anten i ferd med å ta ei bachelorgrad ved UNZA, eller yrkesaktive innan sine profesjonar (sjukepleie, lærar eller sosialarbeidar). Det er lagt til rette for at studentane som ikkje har ei formell grad frå heimlandet kan få godkjent emna ved HiSF som eitt år i eit bachelorprogram innan lærarutdanning ved UNZA. Programansvarlege ved HiSF vitjar våre zambiske partnerar og gjer dei endelege intervjuar, informere om studiet og føretek det formelle opptaket av studentane. På same tid vitjar dei programansvarlege studentar frå HiSF som er i praksis ved våre samarbeidsinstitusjonar. Dette er studentar som anten tek emnet Global Knowledge (sjå informasjon nedanfor), eller er i praksis på sjukepleieutdanninga.

Deltakinga har, i tillegg til å bidra med kunnskapsutvikling og kapasitetsbygging, hatt særskilte positive ringverknader i form av nye samarbeidspartnarar, forskingsprosjekt og auka mobilitet innan profesjonsutdanningane ved HiSF.

Fagtilbodet for kvotestudentar ved HiSF

About Norway in Norway – 30 ECTS

Emnet vert undervist i haustsemesteret og består av tre komponentar; norsk for internasjonale studentar, teoretisk innføring i den norske velferdsstaten si historie og utvikling og norsk økonomi og entreprenørskap i eit internasjonalt perspektiv. Det er i hovudsak lærar og sosialarbeidarar frå Zambia som tek emnet, sjølv om det er ope for alle internasjonale studentar.

Medical and surgical nursing in a Norwegian context – 30 ECTS

Zambiske sjukepleiarar tek dette emnet i haustsemesteret. Dei deltek ilag med andre internasjonale og norske sjukepleiestudentar. Emnet tek føre seg teoretisk og klinisk sjukepleie av somatiske sjukdomar og skader frå eit heilheitleg perspektiv og tilhøyrande etiske problemstillingar. Undervisninga består av praksis på institusjonar og ulike sjukehusavdelingar, førelæringar og studiegrupper.

Global Knowledge -30 ECTS

Emnet vert undervist i vårsemesteret og tek sikte på å gje studentane betre forståing for globalisering og nord-sør relasjonar. Kvotestudentane tek emnet ilag med studentar frå HiSF (idrett-, lærar-, barnevern-, sosialt arbeid og vernepleieutdanningar). Emnet samanliknar norsk og zambisk kultur og samfunn, med spesielt fokus på utdanning, helse og samfunnsarbeid. Studentar frå HiSF har tre månadar praksis i Zambia der dei blant anna vert følgt opp av tidlegare kvotestudentar. Dei zambiske studentar har tre månadar praksis i lokale eller regionale institusjonar i Sogn og Fjordane. Studentane gjennomfører forskings- og utviklingsarbeid i praksisperioden og utvekslar erfaringar etter praksisopphaldet. Det er publisert fleire forskingsartiklar om erfaringar kring kvotestudentar og norske studentar sine praksisopphald (Bergersen 2013, Bergersen 2014b)

Overordna kommentarar til evalueringsrapporten og høyringsbrev.

For ein mellomstor statleg høgskule som HiSF utgjer kvotestudentane ein vesteleg del av våre internasjonale studentar og har soleis mykje å sei for vår strategi innan internasjonalisering. HiSF er bevisst på si rolle som utdanningsaktør, óg i eit bistandspolitisk perspektiv, og legg til grunn at kvoteprogrammet skal vere ein god balanse mellom kunnskaps- og utviklingspolitiske målsetjingar (Stortingsmelding nr. 14).

Det er interessant at evalueringsrapporten i ordlyden tilsynelatande er meir positiv til kvoteordninga enn høyringsbrevet, og at noko av problemstillingane som er løfta fram i høyringsbrevet er lite omtalt i evalueringsrapporten. HiSF vil påpeike at internasjonaliseringssatsinga i høgare utdanning ikkje treng å gå ut over bistandsarbeidet. Tvert om; innafor kvoteordninga kan høgskular og universitet styrka internasjonaliseringssatsinga ved til dømes å tilby sandwichprogram der ein har fokus på utviklingsstudiar. Emnet Global Knowledge ved HiSF er døme på dette; både norske og utanlandske studentar oppnår synergieffektar av å studere saman.

Vårt syn og erfaring er at ein bør ha rom for både strategisk internasjonal satsing og bistandspolitikk innanfor kvoteordninga. Internasjonalisering er viktig for Noreg for å vere konkurransedyktig innan forskning og som essensielt bidrag til samfunnsutviklinga. Likevel er det ikkje ei motsetning til at me óg har eit internasjonalt ansvar om å bistå med kunnskapsutvikling i gjensidige samarbeidsrelasjonar med institusjonar i utviklingsland. Kvoteordninga må etter HiSF sitt syn kunne ha fleire delmål og det må verte tydeleg kva ein ynskjer å oppnå innanfor dei ulike satsingane/strategiane som ligg føre.

Langsiktig samarbeid knytt til eitt land og få utvalde studieretningar har gjort det mogleg å få gjensidig student- og lærarmobilitet. Samarbeidet har ført til kompetanseheving av både fagleg og administrativt tilsette. Blant anna har ein professor innanfor helsefag med Ph.D. grad frå UNZA hatt ei 10% stilling knytt til undervisning ved HiSF.

Det vert påpeika i evalueringsrapporten (DAMVAD 2014: 41) at institusjonane sjølv må dekkje ekstra utgifter knytt til koordinering og rekruttering. Dette er utfordrande. Det er blant anna krevjande å leggja til rette for praksis for kvotestudentane. HiSF ser det som si oppgåve å ta godt vare på våre kvotestudentar både fagleg og sosialt. Kvotestudentane som studentgruppe krev tett oppfølging, noko som er ressurskrevjande og såleis ein skjult kostnad som følge av dagens ordning. Det vil vere tenleg om utdanningsinstitusjonane fekk økonomisk støtte som kunne nyttast til drifta av ordninga. Samstundes ville det vere meir effektivt om administrasjonen av stipendmidlar knytt til kvoteordninga vert overført til dei norske utdanningsinstitusjonane. Dette vil fyrst og fremst lette den økonomiske og sosiale situasjonen for studentane når dei kjem til Noreg, men òg føre til ei enklare administrativ oppgåve for institusjonane og til dømes studentsamskipnadane som leiger ut bustadar til studentane.

Vidare vert kjønnsbalanse etterlyst i evalueringsrapporten særskilt gjeld dette studentar frå utviklingsland. HiSF har forsøkt å oppnå kjønnsbalanse. Av 66 zambiske kvotestudentar har 21 vore menn, noko som til dels skuldast at studentane vert rekruttert frå kvinnedominerte yrkesgrupper.

1.1 Kvoteordninga som verkemiddel for internasjonalisering av norsk høgare utdanning

1.1.1

HiSF har ikkje teke stilling til alternativ bruk av midlane som no vert nytta i kvoteordninga.

1.1.2

a) HiSF ynskjer ikkje at kvotemidlane vert omdefinert til store partnerskapsprogram, men er positive til at ein kan utvida kvoteordninga til å omfatta meir enn berre mobilitet. Det vil vere tenleg med midlar som òg kan nyttast til utvikling av forskingssamarbeid og nettverksbygging i liten målestokk. HiSF sin erfaring er at småskala prosjekt er meir eigna for samarbeid med forskarar og institusjonar i Zambia, og dreg slutning om at dette er tilfelle for fleire utviklingsland og andre land som er innlemma i kvoteordninga. Alternativt må partnerskapsprogramma kunne romme fleire små aktørar, med ein hovudkoordinator og ikkje ha krav om korrelasjon mellom alle aktørane.

b) HiSF har særskilt interesse i å fortsetje sitt nære samarbeid med Zambia. Vidare bør fokusland for bistand vere inkludert og det vil vere høveleg i eit næringspolitisk perspektiv å innlemme BRIKS landa. HiSF er einige i at ordninga bør konsentrerast om færre land enn kva som er tilfellet i dag.

c) HiSF ser føre seg at ei rekkje aktivitetar vil vere tenelege innanfor eit partnerskapsprogram; mobilitet som omfattar både studentar og tilsette, praksis i utdanningar, utvikling og drift av fellesgrader, feltarbeid i samband med prosjekt og forskning og generell forskingsaktivitet og utdanningssamarbeid.

1.1.3

a) og b) Dersom ein legg til rette for auka satsing på BRIKS land innanfor kvoteordninga vil det vere naudsynt å setje opp delmål for ordninga der talet på studieplassar vert øyremerka i samsvar med målsetjingane. Til dømes at det som no er 800 plassar til bistand (utanfor Europa) og 300 for styrking av konkurransevne og internasjonalisering generelt (BRIKS/europeiske

studentar). Kvoteordninga må kunne romma både utviklings- og utdanningspolitikk og internasjonalisering.

1.2 Kvoteordninga som verkemiddel i bistandspolitikken

1.2.1

At stipendiatar sin profil vert meir styrt av særskilte behov i heimlandet, kan verte oppnådd ved dialog og tettare samhandling mellom institusjonane. Kvoteprogrammet må opnast opp for tettare oppfølging og samarbeid slik at dialog vert mogleg. Eit eksempel frå lågare grads studium er HiSF sitt samarbeid med UNZA på bachelornivå for lærarutdanning, i form av sandwichprogram, der lærarstudentane tek eitt år av sin Bachelorgrad ved HiSF og får dette godkjent som del av graden ved UNZA. Ei slik formell godkjenning har vore mogleg å oppnå gjennom tett samhandling og dialog med UNZA.

1.2.2

Strategisk institusjonsbygging krev samarbeid over tid og satsing på land som Noreg allereie har eit tett bistandssamarbeid med slik at fleire aktørar kan samkøyrast. Langsiktig samarbeid og mobilitet skapar moglege synergieffektar. Kvotestudentar sin kunnskap og ressursar må framhevast i heimlandet, til dømes ved å nytte deira kompetanse i vidare forskings- og prosjektsamarbeid. Dette har HiSF gjort ved å blant anna innlemme tidlegare kvotestudentar i praksisopphaldet til Global Knowledge studentar i Zambia og med deltaking på blant anna forskarkonferansar i heimlandet for å presentere sine erfaringar (Bergersen 2014a).

1.2.3

Etter HiSF si erfaring kan det strategiske samarbeidet styrkast ved å sikra at emna som kvotestudentane tek i Noreg er meir relevante, har ei betre kopling til heimeinstitusjonane og auka openheit kring val av studentar. Dette er enklare å handtera dersom ein har færre land ein samarbeida med.

Berre 10 % av kvotestudentane er på bachelornivå. HiSF si erfaring knytt til profesjonsutdanningane er gode og det er etter vårt syn tilrådeleg at ein aukar andelen kvotestudentar på bachelornivå med skreddarsydd opplegg som gjev uttelling både for kvotestudentar og norske studentar. For HiSF har fleksibiliteten ved å kunne søkje om kvotestudentar på eittårige profesjonsretta program vore av stor betydning for vårt engasjement i ordninga.

1.2.4

HiSF meiner at det vil, slik det er framstilt i evalueringsrapporten, vere uheldig for utdanningsinstitusjonar i Noreg dersom kvoteordninga vert relatert til andre ordningar under bistandsbudsjettet. Det vil vere ei negativ utvikling for små institusjonar der kvoteordninga har stor betydning for internasjonaliseringsarbeidet. Ein bør ivareta ordninga og dei institusjonane som langsiktig og systematisk har bygd opp unike utdanningstilbod som i stor grad dekkar anbefalingane som evalueringsrapporten gjev i form av satsing på færre land, behovsbasert utdanning og sandwich-program på bachelornivå.

1.2.5

Det er påpeika i evalueringsrapporten (DAMVAD 2014: 49) at det er mange synergieffektar med kvoteprogrammet som kan sjåast som tenleg for målsetjinga om internasjonalisering heime

(jmf. Stortingsmelding 14). For å få til synergjar må det verte etablert møteplassar mellom norske studentar og kvotestudentane, som for eksempel å etablere felles studieprogram. Eksempel på synergjar ved drifta av slike program er toleranse og ulikheit, inter-kulturell forståing, solidaritet og betydinga av internasjonalisering som eit eige gode for norske og utanlandske studentar i Noreg. Særskilt har kvotestudentar ein viktig verdi på studiar som handlar om fleirkulturell forståing og utviklingsteoretiske emne. I emnet Global Knowledge ved HiSF er det dei zambiske kvotestudentane som løftar studiet både akademisk og gjennom sin lokale kontekst og kontekstuelle erfaringar frå heimlandet. Dette gjev ein unik meirverdi for dei norske studentane både før og etter dei sjølv reiser til Zambia.

1.2.6

HiSF har eit samfunnsansvar om å bidra aktivt til utvikling og fattigdomsreduksjon. Synergi er at me har gjensidig mobilitet og at norske og zambiske studentar på Global Knowledge føler det same studiet der tema om utviklingsteoriar, undertrykking og fattigdom (1000-årsmåla) er sentrale. HiSF har gjennom sine program for norske studentar og kvotestudentar lagt vekt på kunnskap, medvit og praktiske erfaringar for å myndiggjera alle til å redusere fattigdom lokalt og globalt. Det er HiSF sin strategiske målsetjing å skapa gode haldningar blant våre studentar og fremje fellesskap og solidaritet. I så måte er kvoteordninga ved HiSF eit særskilt eigna verkemiddel.

Det er særskilte utfordringar knytt til kvoteordninga i eit utviklingspolitisk perspektiv. Det er eit visst globaliserings press og ny-kolonisering med fokus på at det som kvotestudentane lære i Noreg er betre enn lokal kunnskap. Dette kan skape avstand mellom dei som har vore i Europa og tileigna seg vestleg akademisk kompetanse og praktiskarar i heimlandet som har meir erfaringsbasert kunnskap som då vert underkjent. HiSF har unngått å vere bidragsytar til hjerneflukt, då alle våre 66 kvotestudentar har reist heim til Zambia. Det er kun ein student som har reist ut

av landet og dette var for å ta Masterutdanning i Australia. Utfordring kan vere at mange etter opphaldet ved HiSF har teke til på vidare utdanning i heimlandet (Bergersen 2014b) og difor nyttar dei ikkje sin kompetanse direkte i praksis ved heimkomst. Samstundes må det seiast å vere ein positiv effekt då dei får auka myndigheit og kompetanse gjennom utdanning og kan såleis få større gjennomslagskraft på sikt med norsk og zambiske høgare utdanning.

Referansar:

Bergersen, A. 2014a. *Zambian core curriculum, learning theories and the role of the teacher*. Keynote address at National Early Childhood Conference, 18th to 20st August 2014, Mulungushi International Conference Centre, Lusaka, Zambia.

Bergersen, A. 2014b. *Hva mener zambiske studenter at ett år i Norge som kvotestudent har betydd for egen profesjonsutøvelse i hjemlandet?* tapironline.no/last-ned/1363

Bergersen, A. (2013) *Praksis i utlandet – en dannelsesreise?* tapironline.no/last-ned/1123

DAMVAD. 2014. *Evaluation of the Quota Scheme 2001-2012*.

<http://www.damvad.com/media/95556/evaluation-of-the-quota-scheme-final-report-300414.pdf>

Det kongelige kunnskapsdepartement. 2009. St.meld. nr. 14 (2008-2009): Internasjonalisering av utdanning. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-14-2008-2009-.html?id=545749>